

## **Tildeling av tettstadmidlar - 2009**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

Avsette midlar (5,1 mill) til tettstadforming vert tildelt slik:

- 1 Stryn kommune – fullføring av miljø –og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum. Fullføring av torgarealet og ”tunområdet” langs den ”gamle” fylkesvegen mot Moldreim, kr. 200.000.
- 2 Hornindal kommune – vidareutvikle eksisterande stadanalyse for Grodås sentrum, kr. 80.000.
- 3 Bremanger kommune – opprusting og utvikling av Svelgen sentrum, delprosjekt mellom Svelgen Hotell og Coop, kr. 478.000.
- 4 Førde kommune – opprusting og tilrettelegging av byparken, kr. 500.000.
- 5 Luster kommune – stadanalyse Gaupne, kr. 200.000.
- 6 Sogndal kommune – opparbeiding av sentrumsparken i Sogndal, kr. 1.142.000.
- 7 Leikanger kommune – opprusting og utbetring av sentrumsnære areal i Leikanger – uteplassen mellom riksvegen, Henjaelvi, og Fleirbrukshallen så langt den strekker seg mot nord, kr. 800.000.
- 8 Balestrand kommune – opparbeiding av gangveg i – og til parken i sentrum, kr. 200.000.
- 9 Vik kommune – ”Vikøyri strandpark” – utvikle strandsona på Vikøyri, kr. 500.000.
- 10 Gulen kommune – Utvikling av Eivindvik sentrum – næringsområdet med butikk, ekspedisjonskai og hotellet – oppgradering av sjøfronten og gjere denne tilgjengeleg for ålmenta, kr 1.000.000.

### Uprenta vedlegg:

Søknadar

Utfyllande retningslinjer til tilrettelegging for tettstadutvikling med vedlegg.

## **Saksframstilling**

### **1. SAMANDRAG**

Alle kommunane i Sogn og Fjordane er invitert til å søkje om tilskot til tettstadforming. Det er sett av 5,1 millionar kroner til tettstadforming i 2009.

Det er lagt vekt på at tiltaka skal vere forankrar i stadanalyse og kommunale planar og elles kjem inn under kriteria i retningslinene til tilrettelegging for tettstadutvikling.

### **Tilråding**

Stadanalysar: Horningdal og Luster får til saman 280.000 kroner.

Opparbeidingsprosjekt: Stryn, Bremanger, Førde, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik og Gulen får til saman 4.820.000,- kroner.

Søknader som kjem inn under kriteria er:

<b>Kommune</b>	<b>type prosjekt</b>	<b>kostnad</b>	<b>søknadssum</b>
Stryn	opparbeiding	609.000,-	304.500,-
Horningdal	stadanalyse	200.000,-	100.000,-
Bremanger	opparbeiding	1.700.000,-	478.000,-
Jølster	opparbeiding	480.000,-	240.000,-
Jølster	opparbeiding	1.150.000,-	575.000,-
Førde	opparbeiding	1.350.000,-	540.000,-
Luster	opparbeiding	10.020.000,-	5.010.000,-
Luster	stadanalyse	500.000,-	250.000,-
Sogndal	opparbeiding	17.842.125,-	1.569.865,-
Leikanger	opparbeiding	2.100.000,-	1.050.000,-
Balestrand	opparbeiding	700.300,-	280.000,-
Vik	opparbeiding	3.770.000,-	1.800.000,- (på 3år)
Gulen	oppgradering	3.502.000,-	1.400.800,-
<b>Sum</b>			<b>12.503.165,-</b>

Søknader med positiv tilråding er geografisk fordelt slik:

<b>Kommune</b>	<b>type prosjekt</b>	<b>kostnad</b>	<b>søknadssum</b>	<b>tilrådd</b>
Stryn	opparbeiding	609.000,-	304.500,-	200.000,-
Horningdal	stadanalyse	200.000,-	100.000,-	80.000,-
Bremanger	opparbeiding	1.700.000,-	478.000,-	478.000,-
Førde	opparbeiding	1.350.000,-	540.000,-	500.000,-
Luster	stadanalyse	500.000,-	250.000,-	200.000,-
Sogndal	opparbeiding	17.842.125,-	1.569.865,-	1.142.000,-
Leikanger	opparbeiding	2.100.000,-	1.050.000,-	800.000,-
Balestrand	opparbeiding	700.300,-	280.000,-	200.000,-
Vik	opparbeiding	3.770.000,-	1.800.000,- (på 3år)	500.000,-
Gulen	oppgradering	3.502.000,-	1.400.800,-	1.000.000,-
<b>Sum</b>				<b>5.100.000,-</b>

Søknader som ikkje vert tilrådd er:

<b>Kommune</b>	<b>type prosjekt</b>	<b>søknadssum</b>
Gloppen	Forstudie – Sandane sentrum	120.000,-
Gloppen	Opprusting – Øyrane (vel 1 km frå sentrum)	600.000,-
Jølster	Landskapsplan for Vassenden sentrum	137.500,-

Naustdal	Analysearbeid og prosess til fjordbyen Sæla (1,5 km frå sentrum)	350.000,-
Flora	Stadanalyse og opparbeiding av "møteplassar". Asfaltert av gangarealet – "sjøpromenade" i Eikefjord	200.000,-
Bygdalaget Havglimt i Flora	Stupebrett på øya Reksta	13.750,-
Gaular	Trafikksikker opparbeiding av "torg" –og busshaldeplassen m.m framfor Viksdalen Bygdetun og nærliggande område, samt opparbeiding av fortau frå Bygdatunet/butikk til friområde ved brua og opparbeiding av friområde	1.308.079,-
Fjaler	Telemegafonen på fjellet over Dale (kunstinstallasjon)	125.000,-
Balestrand	Krysset ved riksvegen (plass med kunstsulptur)	650.000,-
Balestrand	Fyrtårn for reisande i parken (kunstsulptur)	340.000,-
Johan Rolland I Høyanger	Oppussing av bygning (skifte vindauga og måle hus) i Vadheim sentrum (i krysset ved E 39)	24.121,-

## **2. BAKGRUNN**

Tettstadforming vert i Fylkesplanen 2005 – 2008 Veggen vidare for Sogn og Fjordane – sett på som ein nødvendig føresetnad for arbeidet i satsingsområda i Fylkesplanen. Tettstadforming og fortetting med kvalitet med vekt på trygge og gode miljø tilgjengeleg for alle, vert sett på som viktig for næringsutvikling, folkehelse og kultur.

### **Mål i høve Fylkesplanen 2005 – 2008**

- Stabile levekår og god service for alle innbyggjarane i fylket, der god helse, kultur og tilgjenge for alle er avgjerande verdier.
- Styrke senterstrukturen og auka trivsel i tettstadene.
- Utvikla lokalsamfunn prega av nyskaping og rekruttering budd på utfordringar m.o.t. kompetanse, næringsutvikling og infrastruktur.
- Medvirka til innovativt og konkurransedyktig næringsliv, basert på å nytta kultur –og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte.
- Styrkja kommunikasjonslinene mellom regionsentra, lokale sentra og omlandet.

### **Mål i fylkesdelplan for arealbruk:**

"I områderetta kommunedelplanar for tettstad, bygd og grend bør ein utarbeide ein enkel miljøplan (stadanalyse/landskapsanalyse/miljøvurdering) som synleggjer viktige landskapstrekk, kulturmiljø og brukte eller eigna område for ålmenta langs sjø og større vassdrag"

Hovudutval for plan og næring gjorde i møtet den 21.januar 2009 i budsjettfordelingssaka vedtak om å sette av 5,1 millionar kroner til tettstadforming i 2009.

### Andre opplysningar

Søknadsfrist vart sett til 30. mars 2009.

Det er kome inn søknader frå 16 kommunar på til saman 24 prosjekt.

### Historikk - tidlegare vedtak

I tidsrommet frå 1995 til 2008 er det gitt tilsegn på i alt 51.858.179 millionar kroner. (sjå skjema pkt 6 i saksutgreiinga).

### **3. SAKSOPPLYSNINGAR**

#### **1. Geografisk avgrensing**

Verkemiddelbruken gjeld for alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Tiltak som kan få støtte må vere geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioritert. Kommunen kan også prioritere andre sentrumsområde som alternativ til kommunesenteret.

#### **2. Forankring**

Tiltak skal vere forankra i vedteken kommunedelplan og/eller regulerings-/utbyggingsplan.

Tiltak skal vere forankra i staden – i lokal historie, landskap, klima, lokale ressursar m.m. (stadanalyse).

Tiltak skal ha universell utforming - tilgjenge for alle.

Private tiltak/initiativ kan få støtte, men kommunen skal stå som formell søker av tiltaket.

#### **3. Tiltak som kan få støtte**

- Utarbeiding av stadanalyse <sup>i</sup>  
Tiltak som er forankra i stadanalyse:
  - Opparbeiding av uterom (torg, plassar, parkar m.m.) for ålmenta.
  - Opparbeiding av strukturar (grøntstrukturar, allmeningsstrukturar m.m.) for ålmenta.

#### **4. Presentasjonsform**

Søknaden skal byggjast opp slik:

- 4.1. Søkar.
- 4.2. Lokalisering av stad.
- 4.3. Presentasjon av tiltaket – konkret prosjekt.
- 4.4. Bakgrunn for tiltaket.
- 4.5. Grunngeving for tiltaket.
- 4.6. Målsetjing med gjennomføring av tiltaket.
- 4.7. Framdriftsplan for tiltaket.
- 4.8. Kostnadsoverslag og finansieringsplan der eiga finansiering og andre finansieringskjelde er definert.
- 4.9. Vedlegg (Sjå vedlagd rettleiar).

#### **5. Støttesatser**

Normal tilskotsprosent av tilskotsgrunnlaget er 40 %. I særlege høve kan fylkeskommunen innvilga tilskot med ein støttesats på inntil 50 %.

Tiltak som det er normalt å finansiere med avgifter/leigeinntekter kan ikkje støttast.

Det kan ikkje opprettast avtale med enkeltbrukarar.

#### **6. Kostnadsoverskriding**

---

<sup>i</sup> Med stadanalyse vert i dette høve meint ei systematisering av kunnskap for å forstå staden si historie, situasjon og framtidsutsikter, jf. definisjon i Miljøverndepartementet sin rettleiar T-986 *Stedsanalyse – Innhold og gjennomføring*.

Som hovudregel vert det ikkje gjeve tilskot til dekking av kostnadsoverskriding knytt til gjennomføring av prosjektet. Fylkeskommunen kan likevel gjere unntak frå dette, dersom det ligg føre heilt spesielle grunnar for overskridinga som kommunen ikkje hadde høve til å sjå då søknaden vart utarbeidd.

## **7. Vilkår for utbetaling**

7.1. Arbeidet må ikkje setjast i gang før finansieringa er ordna. Endeleg finansieringsplan må ligge ved oppmoding om utbetaling.

7.2. Inntil 75 % av tilskotet kan bli utbetalt når tiltaket/prosjektet er starta opp og fullfinansiering er stadfesta.

7.3. Slutt-utbetalinga skjer etter at tiltaket/prosjektet er avslutta med sluttrapport og revidert rekneskap. Alle vilkåra i tilsegna må vere oppfylte.

7.4. Mottakar pliktar sjølv å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt.

7.5. For mykje utbetalt tilskot skal tilbakebetalast utan opphøyr når det blir gjort krav om dette.

7.6. Midlane skal nyttast i samsvar med framlagde planar og arbeidet må gjennomførast i samsvar med desse. Tilsegna vil kunne bortfalle heilt eller delvis dersom planane som ligg til grunn for tilsegna vert endra utan samtykkje. Utbetalt tilskot kan då bli kravd tilbakebetalt.

7.7. Tilsegna fell bort dersom vi ikkje har motteke oppmoding om første utbetaling innan 6 månader, eller anna frist i tilsegnsbrevet.

7.8. Det skal førast spesifisert rekneskap for tiltaket/prosjektet. Rekneskapen skal setjast opp slik at den kan jamførast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilsegna. Dersom arbeidet ikkje vert utførte i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, vil tilskotet verte tilsvarande avkorta.

7.9. Fylkeskommunen set som vilkår for tilsegna at tilsegnsmottakar rapporterer til regionalavdelinga. Sluttrapport skal leverast innan 1 måned etter at tiltaket/prosjektet er avslutta.

7.10. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal til ei kvar tid ha høve til å kontrollere at tilskotet vert nytta etter føresetnadene, jf. Stortinget sitt bevilgningsreglement § 17 og Riksrevisjonen sin kontrolladgang.

7.11. For opparbeidingstiltak er det frå 2007 gjort gjeldande etiske krav til produksjon av gatestein o.l. Saman med oppmoding om utbetaling, skal det difor følgje garanti frå leverandør/importør om at det ikkje er nytta barnearbeid i framstilling av produkta.

## **8. Tidsramme for tilskotet**

Tilsegnet gjeld i 3 år frå tilsegndato. Dersom tiltaket/prosjektet ikkje er avslutta innan 3 år frå tilsegndato, fell tilsegna bort.

### **3. GJENNOMGANG AV INNKOMNE SØKNADER**

3.1

SØKJAR: **STRYN KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Utvik sentrum

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Miljø –og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum. Fullføring av prosjektet ”**torg**” og ”**tun**”.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Tiltaket vil oppfylle målsettingane i **stadanalyse** og er forankra i **reguleringsplan** for området.

*Bakgrunn for tiltaket:* I siste 10 – 12 åra har kommunen nytta relativt store summer til miljø –og trafikkmessig opprusting av sentrum.

- Restaurering av Utvik gamle brygge, del av den Trondhjemske postveg mellom Bergen og Trondheim.
- ”Sjøtunprosjektet”, opprusting og omplassering av gammal naustrekke, opparbeiding av avkøyrsløse, fortau, parkeringsplassar og grøntanlegg. Opprusting av gamle kulturminnet ”Likstøda”.
- ”Kyrkjeparken”, ny avkøyrsløse til skule/barnehage, busslomme, leskur, parkering, grøntareal og miljømessig opprusting. Arbeidet er basert på stadfest reguleringsplan og stadanalyse med basis i Utvik sentrum si historie og struktur.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Auka trafikktryggleik. Omlegging av fylkesveg og fullføring av prosjekta ”torg” og ”tun” vil i stor grad bøte på ei elles uheldig trafikkmessig utforming i sentrum og framheva det særeigne bygningsmiljøet i sentrum (tek sikte på å bruke lokale materiale m.a. skifer).

*Framdriftsplan:* Oppstart våren (april) 2009.

*Kostnadsoverslag*

Opparbeiding av torgplass ”torg” og avgrensing av eksisterande fylkesveg mot Tistam ”tun”:  
Kantstein, overvatn frå veg og torgplass, lys på torgplass –og langs eksisterande veg mot Tistam, asfaltering, grøntareal, skilting, prosjektering og byggjeleing

Samla sum 609.000,-

Søknadsgrunnlag 609.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av totalkostnad) 304.500,-

Resten vert dekt av Stryn kommune, eventuelt med hjelp av delfinansiering frå oppsitjarar.

**Søknad sum: 304.500,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane kan brukast til utarbeiding av stadanalyse og til tiltaket som er forankra i stadanalyse, som opparbeiding av uterom (torg, plassar, parkar m.m) og strukturar (grøntstrukturar, allmeningsstrukturar m.m.) for ålmenta.

Prosjektet tek tak i ein sentral plass og passasje. Det er her høve til å få til ein alternativt passasje (torg og tun sett saman), med invitasjon til møte og aktivitet - ei gangbar kopling mellom busetnadsområdet og sentrumsområdet med handel og tilkomst til sjø. "Torget" ligg og som buffer til trafikkert veg og kan i tillegg til å vera torg og eit alternativ utforming med tre/vegetasjon, som skjerming for å dempe trafikkstøy, reinska lufta og utsyn til trafikkert veg.

Omgrepet "torg" er m.a. forklart som (stor) open plass i tettstad, marknadsplass og "tun" vert m.a. forklart som eit område, som plass mellom fleire hus (gatetun).

Vilkåra for å få tilskot til opparbeiding av "torg" og "tun" er at bruken primært er til passasje og møteplass for menneske (mjuke trafikkantar, ikkje til parkering) og får ei universell utforming.

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Sjølve opprusting av torget og tunet i sentrum vil gje ei god miljømessig opprusting av uteareala i eit sentrumsområde som i dag er utflytande og trafikkmessig uoversiktleg. Fylkesdirektøren vurderer prosjektet som viktig for Utvik og er positiv til prosjektet, men med atterhald om at opparbeiding av "torg" og "tun" for ei universell utforming med tilgjenge for alle.

### **Tilråding**

Søknaden er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 243.600,-** (40 %) i stønad til opparbeiding av prosjektet "torg" og "tun" med universell utforming i Utvik sentrum.

### 3.2

#### **SØKJAR: HORNINDAL KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Grodås sentrum

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Vidareutvikle eksisterande **stadanalyse** i Grodås sentrum.

*Bakgrunn for tiltaket:*

- I løpet av 2012 vil Kvivsvegen stå ferdig, og årstrafikken (ÅDT) gjennom sentrum vil auke. Arbeidet med ny reguleringsplan for området er starta.
- Det er ønske om å vurdere to alternative trasear for E 39 gjennom Grodås.
- Ny Coop-butikk på ny tomt har aktualisert spørsmålet om framtidig bruk av "gamletomta".
- Interesse for å etablere samanhengande gangsti langs Hornindalsvatnet.
- Flytte hus v/avkøyrsløse til omsorgsenteret.
- Omlegging av fylkesveg til Ytrehorn.
- Samanhengande gang –og sykkelveg gjennom sentrum, til skule/barnehage og sørvestover langs framtidig E 39.
- Grodåsheimen
- Småbåthamn
- Omlegging/legging av høgspenningsline som jordkabel

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Spisse stadanalysen mot utfordringane i Grodås sentrum og tilgrensande areal på Kyrkjehorn. Stadanalysen skal verta grunnlag i arbeidet med reguleringsplan for sentrum, som sidan vert grunnlag for konkrete tiltak.

*Framdriftsplan:* Engasjere arkitekt/landskapsarkitekt april/mai 2009. Ferdigstille analysen før ferien 2009.

*Kostnadsoverslag:*  
Planleggingstenester 200.000,-

*Finansieringsplan:*  
Bruk av disposisjonsfond 100.000,-  
Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av totalkostnad) 100.000,-

**Søknad sum: kr. 100.000,-**

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane kan brukast til utarbeiding av **stadanalyse** og til tiltaket som er forankra i stadanalyse, som opparbeiding av uterom (torg, plassar, parkar m.m) og strukturar (grøntstrukturar, allmeningsstrukturar m.m.) for ålmenta.

Bruk av stadanalyse som grunnlag for utforming av reguleringsplan for sentrumsutvikling er heilt sentralt for denne tilskotsordninga.

Ei stadanalyse er sentral for å få fram nye vilkår som grunnlag til utviklinga av sentrum. Stad (– og landskapsanalyse) skal kartlegge basis vilkår som: landskap, geologi, vegetasjon, klima (stort klima, regionalt –og lokalt mikroklima) og historie (tettstaden og menneska si utvikling på staden), samt presentere konsept og skisse til staden sin kontinuitet (i bruk/overleving og utforming) i høve til stor skala, mellomstor skala (samfunnskala) og liten/små skala.

For å få til Grodås som attraktiv og miljøvenleg tettstad er det naudsynt å tenkje seg likeverdige (**ikkje like**) konkrete struktur(ar), element –og kvalitetar i kontrast til veg – altså ikkje legge opp til at vegen bestemmer utforming av felles stader/plassar –og strukturar på staden.

I Grodås vert det å få til kontakt på tvers, fysisk og visuelt (med tankar om konkrete innlegg til golv, passasjar, strukturar med trer/vegetasjon/grasgolv, og med å synleggjera veggane i eksisterande sentrale mellomrom). Presentera tankar og skisser til plassar, gater/passasjar, struktur(ar), allmenning(ar) som arbeider seg over og på tross av vegen, og med direkte kontakt til vatn og i motsatt ende til kulturlandskap/rekreasjon, i sona over busetnadsstrukturen. Vegen gjennom sentrum og langs med vatnet sperrar, bryt kontakten mellom vatn og land. Det er her høve til å finne og utvikle strukturar, passasjar og/eller golv som arbeider på tvers av vegstrukturen – slik at vegen ikkje vert det styrande og slik det dominerande forma elementet i sentrum.

### **Tilråding**

Søknaden er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 80.000,-** (40%) i stønad til vidareutvikling av eksisterande stadanalyse for Grodås sentrum.

3.3

**SØKJAR: GLOPPEN KOMMUNE**

Frå søknaden:



*Lokalisering av stad:* Sandane sentrum sør ved sjø, i forlenging av tidlegare opprusta strandline.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Stadanalyse for å vurdere eksisterande bygningsmasse og avklara rammevilkår for framtidig utnytting av området. **Forstudiet** skal munne ut i ei ideskisse, med særleg vekt på gode uteområde mot sjø og gjere strandsona attraktiv for ålmenta.

*Bakgrunn for tiltaket:* Gloppen Førlag AS vart i haust funksjonert med Midt Norsk Før BA og produksjonen på Sandane er lagt ned. Strandlina her er prega av industriell utnytting sett i samanheng med opprusting av strandlina i sentrum, sør for området og ei vakker og funksjonell utforma strandline nord for området.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Formålet er å få i gang ein prosess som syner kva for rammevilkår som er hefta med å ta i bruk det aktuelle planområdet og samle aktuelle interessentar slik at Sandane sentrum vert fornya og funksjonelt utnytta, med vekt på trivsel for ålmenta ved å planlegge for grønne uteområde.

*Framdriftsplan:* Forstudie gjennomførast 23. mars – 5.juni 2009

*Kostnadsoverslag:*

Ressursbruk til prosjektadministrasjon, byggtknisk vurdering av bygn.masse – konstruksjonar, byggtknisk vurdering av grunnforhold, dialog om behov hos aktuelle leigetakarar, vurdering av flytting av eksisterande leigetakarar i område, utarbeide ideskisse for planområdet, inngå intensjonsavtalar om vidare arbeid med samarbeidspartar, utarbeide sluttrapport med tilråding i vidare arbeid 120.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av totalkostnad) kr. 60.000,-

Midt Norsk For AS kr. 25.000,-

Gloppen kommune kr. 20.000,-

Private samarbeidspartar kr. 15.000,-

**Søknad sum: kr. 60.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane kan brukast til utarbeiding av stadanalyse og til tiltaket som er forankra i stadanalyse og gjeld opparbeiding av uterom (torg, plassar, parkar m.m) og strukturar (grøntstrukturar, allmeningsstrukturar m.m.) for ålmenta.

Det ser ut til at **forstudiet** her er noko anna enn ei stadanalyse. <sup>ii</sup>

Visar elles til eksisterande stadanalyse (Nordplan as. 1996) for Sandane sentrum, som kan vera nyttig i vidare arbeid med prosjektet.

---

<sup>ii</sup> Med stadanalyse vert i dette høve meint ei systematisering av kunnskap for å forstå staden si historie, situasjon og framtidsutsikter, jf. definisjon i Miljøverndepartementet sin rettleiar T-986 *Stedsanalyse – Innhold og gjennomføring*.

Ei stadanalyse er viktig for å sjå vilkåra for utviklinga av sentrum. Stad –og landskapsanalyse skal kartlegge vilkår, kvalitetar og eigenskapar i høve til: landskap, geologi, vegetasjon, klima (stort klima, regionalt –og lokalt mikroklima) og historie (tettstaden og menneska si utvikling på staden), samt presentere konsept og skisser til tettstaden sin kontinuitet (til bruk/overleving og utforming) i høve til stor skala, mellomstor skala (samfunnskala) og lite/små skala.

Ut frå innhald av arbeidet vert dette meir ei **teknisk vurdering** av særskilde bygg og grunntilhøve. Forstudiet kjem ikkje inn under kriteria for tilskotsordninga.

### Tilråding

Søknaden er ikkje i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår avslag på tiltaket.

3.4

### SØKJAR: GLOPPEN KOMMUNE

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Øyrane, omlag 1 kilometer frå Sandane sentrum.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Utvendig renovering av "Slaktehuset" frå 1950-talet, plastring av sjøfront, gjere sjøen betre tilgjengeleg for bading og parkmessig opparbeiding av friområdet med gangveg, grøntareal og sitteplassar mellom bygget og sjøen.

*Bakgrunn for tiltaket:* Stadanalysen for Sandane sentrum (Nordplan as. 1996) hadde hovudfokus på andre delar av Sandane sentrum, men området er omtalt som "Solkyst", attraktivt og bør utviklast og opprustast. Området har potensiale til å bli eit attraktivt rekreasjons –og maritimt opplevingsområde til sjø med etablerte aktørar.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Å legge betre tilrette for formidling av kulturminnet Holvikjekta. Tidlegare eit arbeid av Stiftinga Nordfjordjekt (no oppløyst) som Nordfjord Folkemuseum har teke over. Sandane småbåtlag har aukande medlemsmasse og er pådrivar for å gjera endringar i området. At området kan framstå som eit attraktivt maritimt miljø med eit spenn frå gamle sjøhus og museumsbåtar til moderne fritidsbåtar og friområde med tilgang til sjø – bading. Dette er fyrste del i ein langsiktig opprustningsplan.

#### *Framdriftsplan:*

Plastring august – oktober 2009

Friområde august 2009 – mai 2010

Slaktehuset mai 2010 – november 2010

#### *Kostnadsoverslag:*

Basert på kalkulasjon av forprosjekt

Prosjektering og byggeleing	50.000,-
Skifte av tak	300.000,-
Skifte av vindauga	130.000,-
Reparasjon av fasande	50.000,-
Plastring	500.000,-
<u>Friområde</u>	<u>370.000,-</u>
Sum	1.400.000,-

#### *Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (43% av totalkostnad) kr. 600.000,-

Gloppen kommune kr. 500.000,-

Nordfjord folkemuseum kr. 100.000,-

Småbåtlaget og andre private kr. 200.000,-

**Søknadssum: kr. 600.000,-**

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast til tiltak som er lokalisert til **sentrumsområde** og tettstader. Kommunesentra vert prioritert. Til tiltak som utarbeiding av stadanalyse, og til tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom (torg, plassar, parkar m.m.) og strukturar for ålmenta.

Øyrane ligg utafor Sandane sentrum eller anna tettstad i kommunen og kostnadsoverslag basert på forprosjektet viser at kr. 1.030.000,- går til **teknisk opprusting** av hus og plastring av sjøkant.

Det er sagt at friområdet også skal fungere som attraktiv badeplass og ha universell utforming, då vert **ei "trapp"** (plastring lagt som trappetrinn) til sjø lite tilgjengeleg. Utforminga av sjøkanten og koplinga mellom sjø og land er heilt sentral i utforminga friområdet. Utforminga av sjøkanten treng ei meir **differensiert utforming** (ulikt utforma passasjer/koplingar/møte mellom sjø og land og ein kan tenje seg mellom anna strand, fjøra, sva, stø, slipp, trinn, nivå, terrassar, trapper og trinn på langs og på tvers.....) med **tilgjenge for alle** (universelt utforming).

### **Tilråding**

Søknaden er ikkje i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår avslag på tiltaket.

3.5

### **SØKJAR: BREMANGER KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Svelgen sentrum, **kommunesenteret** i Bremanger. Området avgrensa av sjøfront, Riseelva, riksveg 614 og Svelgen turn og idrettsforeining sitt idrettsanlegg. Området inneheld næring og offentlege institusjonar, samt rutebilkparkering/stasjon og fellesområde/plassar. Området er regulert etter **reguleringsplanen** "Svelgen sentrum".

*Presentasjon av tiltaket:* Gjeld området mellom Coop og Svelgen Hotell. Lage nye baldakinar, glastak, nytt gategolv **universelt utforma**, vatnspegl i sittehøgde (vatnkraft), utstilling av bilde frå Svelgen og omegn (gjerne skiftande utstilling) på Coop veggen og serveringsområde med servering frå hotellet. Skyvedører (kan stengast ved mykje vind og ver) og mindre dører for rømming i kvar ende av gata. Området kan varmast opp, skal ikkje privatiserast av hotell eller Coop og dørene vil stå opne slik at passasjen har **tilgjenge for alle** (ålmenta) heile døgnet.

*Bakgrunn for tiltaket:* Ei gjennomgåing og rehabilitering av Svelgen sentrum vil vera eit av fleire tiltak som i dei komande åra vonleg vil gjera Svelgen til eit meir naturleg sentrum for heile kommunen. Svelgen er prega av mykje ver og vind, og dette medfører at sentrum har behov for skjerma møteplassar.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* I tråd med sentrumsplanen er det ønskje om å starte opp delprosjekt mellom Svelgen Hotell og Coop. Dette er eit mykje brukt område og ligg sentralt i planområdet. Ønsker å utvikle eit meir attraktivt og betre fungerande kommunesenter.

### *Framdriftsplan:*

Delprosjekt ein , sjøfront er forventa ferdig i løpet av sommaren.

Fram mot september vil ein ferdigstille teikningar og praktiske løysingar i samband med **delprosjekt to**, samt gjere anbudsrunde.

Byggestart til medio september.  
Ferdig innan utgongen av 2009.

*Kostnadsoverslag:*

Gjennomføring av baldakinar	460.000,-
Grunnarbeid/undervarme	520.000,-
<u>Stålarbeid og glas</u>	<u>720.000,-</u>
Sum	1.700.000,-

*Finansiering:*

Kommunalt næringsfond kr. 600.000,-  
Midlar frå kommunalt driftsbudsjett kr. 22.000,-  
Private midlar frå grunneigarar kr. 600.000,-  
Tilskot fylkeskommunale midlar (28% av totalkostnad) kr. 478.000,-

**Søknad sum: kr. 478.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast til tiltak som er lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioritert og til tiltak som utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, som **opparbeiding av uterom** (torg, plassar, parkar m.m.) og strukturar **for ålmenta**.

Dette er eit delprosjekt som følgjer opp stadanalyse og sentrumsplan for opprusting av Svelgen sentrum.

Prosjekt er utforma også med tanke på lokalt klima, då området er prega med mykje ver, vind og det er ønskje om å få til eit skjerma uterom. I dette høve vert gata/området gjort om til ein "sval" – innebygd, halvklimalisert soner og/eller passasje og med mogelegheit for oppvarming – ei "varmestove" i sentrum.

**Tilråding**

Søknaden er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 478.000,-** i stønad til opparbeiding av delprosjekt to, prosjekt sval/innebygd gate med varme, i området mellom Coop og Svelgen Hotell.

3.6

**SØKJAR: JØLSTER KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Området langs heile gangvegen ved Jølstravatnet på Skei, inkludert molo og areal på motsatt side av hovudvegen.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* **Utarbeiding av detaljplan** for oppsetting av naust og **opparbeiding av grøntareal**, mindre bade plass og samlingsplassar med bord og benkar.

Det er etter skisser for utforming av molo med naustplassering og bade plass og oppfrisking av parkeringsplass/uteområdet framom Jølster kommunehus, ynskje om å friska opp området framom Spar butikken og gjere areal ved gangveg langs vatnet betre tilgjengeleg med bord og benkar.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan/stadanalyse:* Tiltaka er forankra i **reguleringsplan** Skei sentrum og skisser frå **stadanalyse** for Skei.

*Bakgrunn for tiltaket:* I samband med opparbeiding av båt plassar i området er det ynskje å utvikle heile området til ein vakrere og meir attraktivt stad.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Å gjere dette til ein treffstad med gode uformelle møteplassar for allmenn rekreasjon og meir attraktiv del av sentrum. Det skal leggjast vekt på **universell utforming** for å gjere området tilgjengeleg for alle langs vatnet og å auka trivselen.

*Framdriftsplan:*

Sommar/hausten 2009

*Kostnadsoverslag:*

Konsulentbistand utforming av naust	50.000,-
Opparbeiding av grøntareal, bord/benkar, bade plass og brygge	400.000,-
<u>Eige arbeid 60t a 500</u>	<u>30.000,-</u>
Sum	480.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av total kostnad) kr. 240.000,-

Jølster kommune sin eigendel kr. 240.000,-

**Søknad sum: kr. 240.000,-**

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast til utarbeiding av stadanalyse og til tiltak som er forankra i stadanalyse, som opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta. Tiltak som fell utafor støtteordninga er utarbeiding av utbyggingsplan/reguleringsplanar, kommunedelplanar og kommuneplanar.

Visar til setninga "Det er viktig at nausta blir **riktig og likt** utforma slik at desse passar godt inn i det heilskaplege bilede for Skei bukta", i søknaden, får avsnittet bakgrunn for tiltaket.

Tvert om, det er viktig at form og plassering av naust vert individuell og/eller differensiert (**ikkje likt, men likeverdige**) utforma og har tradisjonell kontakt til vatnet. Naust med særpreg og individuell plassering tilpassa staden sine lokale tilhøve, som mellom anna klima, sol og/eller skugge, vind(ar), landskap/natur, kontakt til vatn, historie/tradisjon og lokal byggeskikk i høve til plassering, utforming og bruk av material og farge.

Visar til skisse for området, her nausta og parkering er sentrale i området og kan dominere/bruke opp og/eller privatisere området. Like naust og mellomrom, samt lik (noko symmetrisk) utforming av området kan gjere til at området vert oppfatta som monotomt/einsidig, medan målsettinga er å få til attraktivt og inviterande område. Det vert viktig å få til eit mangearta uttrykk og opparbeiding av området. Differensiert (ulik) utforming av mellomrom/passasjar mellom naust, som kan lage gode møteplassar og passasjer med visuell –og fysisk kontakt til natur og direkte til vatn, for ålmenta. I sum kan dette gje eit rikare og meir interessant område for ålmenta.

Søknaden er i stor grad, utanom konsulentbistand til detaljplan, i samsvar med kriteria for tilskot. Men det er viktig at tiltaket får ei god utforming.

### **Tilråding**

På bakgrunn av mange gode prosjekt i andre kommunesentra som bør bli prioritert føre og avgrensa rammer i høve søknadsporteføljen vil fylkesdirektøren tilrå at søknaden blir avslått.

## 3.7

**SØKJAR: JØLSTER KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Ålhus, området strekk seg frå vatnet og oppover langs Ålhus elva.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Ålhus er Jølster sin tusenårsstad og i samband med dette og planlagt nytt grendehus med barnehage, ynskjer ein å tynne/fjerne kantvegetasjon langs elva og vatnet, samt opparbeide gangveg i tilknytning til planlagt barnehage. Gangvegen går frå eksisterande gangveg langs E 39, oppover langs elva og er vidare knytt saman med eksisterande landbruksveg på andre sida med bru over elva, samt å ruste opp landbruksvegen til gangveg standard.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Tiltaket er forankra i **reguleringsplan** Ålhus grendehus og **stadanalysen** for Ålhus.

*Bakgrunn for tiltaket:* Det er grodd mykje i området og viktig å opna opp Ålhus og få fram kulturlandskapet med element som kyrkja, Lindtunet, borga og vatnet, samt få tilfredstillande gangvegar til planlagt barnehage og tilkomst til elva.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Opne opp og knyte saman Ålhus sentrum, gjere staden meir attraktiv og tilgjengeleg. Mindre trafikk, ein tryggare og meir heilskapleg stad.

*Framdriftsplan:*

Tynning/fjerning av kantvegetasjon: sommar 2009

Prosjektering av veg/bru: haust/vinter 2009

Anbod og utføring: vår/sommar 2010

*Kostnadsoverslag:*

Tynning/fjerning av kantvegetasjon	50.000,-
Opparbeiding av gangveg	300.000,-
Gangbru	600.000,-
Opprusting av eksisterande landbruksveg	150.000,-
<u>Eige arbeid 100t a 500</u>	<u>50.000,-</u>
Sum	1.150.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av totalkostnad) kr. 575.000,-

Jølster kommune sin eigendel kr. 575.000,-

**Søknad sum: kr. 575.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Fylkesdirektøren vurderer prosjektet som viktig for Ålhus. Men på bakgrunn av mange gode prosjekt i større kommunesentra som bør bli prioritert føre Ålhus, og avgrensa rammer i høve søknadsporteføljen vil fylkesdirektøren tilrå at

søknaden blir avslått.

### **Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

3.8

### **SØKJAR: JØLSTER KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Vassenden sentrum.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Gjennomgåande **landskapsplan** for heile sentrum med alle element naudsynt for å starte på opparbeiding av grøntareal, torgplass/møteplass, turistar og ny belysning. Sjå på heilskapen, tenkje universell utforming og forhalde seg til krav frå vegnormalen.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Tiltaket er forankra i **reguleringsplan** Vassenden Sør og Vassenden Nord og **stadanalysen** for Vassenden.

*Bakgrunn for tiltaket:* På bakgrunn av tidligare "Vassenden prosjektet" og nye skisser ynskjer kommunen å få **utarbeidd ein detaljert landskapsplan** for sentrum. Utifrå førehandsmøte med Statens vegvesen er det naudsynt med ein heilskapleg landskapsplan i tillegg til skissene som er utarbeidd.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Å få vist fram, stramma opp og definert sentrum betre. Gjere sentrum til ein attraktiv og hyggeleg møtestad meir tilgjengeleg for alle.

*Framdriftsplan:*

Oppstart haust 2009

Ferdigstilling vår 2010

*Kostnadsoverslag:*

Konsulentbistand	200.000,-
Eige arbeid 150t a 500	75.000,-
Sum	275.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av totalkostnad) kr. 137.500,-

Jølster kommune sin eigendel kr. 137.500,-

**Søknad sum: kr. 137.500,-**

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast til utarbeiding av stadanalyse og til tiltak som er forankra i stadanalyse, som opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta. Tiltak som fell utafør støtteordninga er utarbeiding av utbyggingsplan/reguleringsplanar, kommunedelplanar og kommuneplanar.

Tilskotsordninga gjev normalt ikkje støtte til utarbeiding av detaljplan/detaljert landskapsplan.

Til dette arbeidet er det også viktig at prosjektering/utforming av konkrete prosjekt er grunngeve og visar at det er teke omsyn til staden sine basis vilkår, kvalitetar og eigenskapar,

som mellom anna klima, sol, skugge, vind(ar), nedbør, temperatur, landskap og natur, geologi, vegetasjon og historie, byplan, byggeskikk og i landskapsforming i høve til plassering, utforming og materialbruk.

### Tilråding

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

### 3.9 SØKJAR: FØRDE KOMMUNE

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Byparken i sentrum av Førde.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* **Opprusting og tilrettelegging av byparken** til eit rekreasjons –og opplevingsområde. Gangvegar, lyssetjing, benkar, bord, utskifting av nokre tre, samt planering og tilsåing av grasdekket. Alle tiltak vil ha **universell utforming med tilgjenge for alle** og i samsvar med **vedtekne planar**.

*Bakgrunn/grunngeving for tiltaket:* Det er etablert sti langs elva frå Førdehuset ned til parken og bygd gangbru over til Hafstad vidaregåande skule. Gangbru mellom Tangen og Sparebanken er under bygging og gangvegen med fiskesti og beplanting er under ferdigstilling frå Langebrua og ned mot Handelshuset og Førde Torg. Mellom dei 2 gangbruene til Byparken, manglar tilrettelagd gangveg.

Det er ei overordna målsetjing om fortetting i Førde sentrum og kommunen krev at det skal opparbeidast felles uteopphaldsareal, og då er det ein føresetnad at det skal vere kort veg til offentleg park. Parken er sentral i forhold til folk sin trivsel ved å bu i Førde og for besøkande. Det er og ein tryggingmessig faktor at vegetasjonen er tilrettelagt og parken er opplyst også i dei mørke periodane av året.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Tiltaket kommunen søker om no er eit steg i ei målretta satsing på trivselstiltak i Førde sentrum.

#### Framdriftsplan:

Er klar til å setje i gong straks det vert gitt tilsegn om tilskot.

Det er eit mål at tiltaket for det meste skal vere klar til bruk i løpet av sommaren 2009

#### Kostnadsoverslag og finansiering:

Opparbeiding av gangsti – nr. 9 og 10 komplett mellom bruer	500 meter	
600.000,-		
Gatelys og lys langs gangsti	15 stk	300.000,-
Benker og bord i granitt	10 stk	200.000,-
Stabbesteinar som fysisk skilje mellom plen og køyrbart areal	50 stk	
100.000,-		
Planering, tilsåing, utskifting av ein del tre på grunn av elde og		
For å oppnå større fargevariasjon – svartor, bjørk, ask og lønn		150.000,-
Sum		1.350.000,-

Kommunen søker tilskot fylkeskommunale midlar (40% av totalkostnad) kr. 540.000,-

**Søknad sum: kr. 540.000,-**

#### Vurdering:



Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen og til tiltak som geografisk er lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tiltaket er i samsvar med kriteria for tilskotsordninga.

For å få til ei rik og variert/differensiert planting av tre i byparken er det viktig å lage ein planteplan som viser det inntrykk og uttrykk ein ønskjer, samt at den tek omsyn til universell utforming, med tilgjenge for alle, også allergikarar med fleire.....

Det finns robuste og gode alternativ til bjørk (rogn, linn, lønn, bøk, hestekastanje.....).

### Tilråding

Søknadene er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 500.000,-** i stønad til opprusting og opparbeiding av byparken i Førde sentrum.

3.10

### SØKJAR: NAUSTDAL KOMMUNE

Frå søknaden:

*Stad:* Naustdal sentrum, med hovudvekt på utviding og styrking av sentrum ved hjelp av sentrumsnær **fjordlandsby Sæla**.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Kommunen ønskjer no å **ferdigstille kommunedelplan** for sentrum ved følgjande grep:

- Utarbeide tekstdel med retningsliner, eventuelt konsekvensutgreiingar m.v. og nytt kart for kommunedelplan Sentrum/Sæla.
- Utvikle det regionale pilotprosjektet "Fjordlandsbyen Sæla".

Det er **1,5 kilometer mellom gamle Naustdal sentrum og Sæla**. Tanken er å vera med og gjere regionen interessant å flytte til og bu i ved å utvikle eit regionalt attraktivt, spennande og tett bustadområde. Kommunen ønskjer å ta grep og initiativ i prosessen tidleg nok ved å utvikle styringsverktøy, områdeplan, reguleringsplan, gå i dialog med utbyggjarar og sjekke ut interesse hjå bustadbyggjelag.

*Bakgrunn for tiltaket:* Naustdal har som mange kommunar i Sogn og Fjordane synkande folketal. Kommunen ligg strategisk plassert på Florø – Førdeaksen som vert sett på som den viktigaste potensielle vektaksen mellom Ålesund og Bergen. Kommunen ønskjer å posisjonere seg til å få ein del av den folkeveksten som vil kome i dette området, samstundes som ein ved dette byggjer tvillingbyane Florø og Førde tettare saman ved å aktivisere aksene mellom byane.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Er å leggja til rette for auka folketal og å skape grunnleg for nytt liv i sentrum og eit større mangfald næringsmessig og kulturelt. Kommunen ønskjer ei utvikling med strenge kvalitetskrav og ønskjer å utvikle styringsverktøy for kvalitetssikring i eit langsiktig perspektiv.

*Framdriftsplan:* Kommunen ønskjer å utvikle prosjektet som eit FOU – prosjekt innan miljø –og energi og byggeskikk/arkitektur, i samspel med fylkeskommunen og Husbanken, gjerne også fylkesmannen.

Kommunen ønskjer å engasjere Nordplan ved Arild Waage til **ferdigstilling av kart og tekstdel til kommunedelplan** Sentrum/Sæla. Oppstart etter påske. Klar for første gongs handsaming og utlegging til offentleg ettersyn oktober 2009.

*Kostnadsoverslag:*

Analyse og prosess/FOU 800.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (43 % av totalkostnad) kr. 350.000,-

Husbanken kr. 200.000,-

Naustdal Kommune, konsulentmidlar drift kr. 100.000,-

Naustdal Kommune, eige arbeid, materiell kr. 150.000,-

**Søknad sum: kr. 350.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Til tiltak som geografisk er lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioritert. Tiltak som fell utafør støtteordninga er utarbeiding av utbyggingsplan/reguleringsplanar, kommunedelplanar og kommuneplanar.

Geografisk ligg Sæla utafør sentrumsområdet/tettstaden i Naustdal. Tilskotordninga støtter ikkje utarbeiding av konkrete planar, som kart og tekst til kommunedelplan for sentrum/Sæla.

Dette er eit interessant prosjekt for utviklinga av Naustdal, men fell utanfor tilskotskriteria.

**Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden

3.11

**SØKJAR: FLORA KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Eikefjord.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* For betre å tilrettelegga infrastruktur for ålmenta, spesielt eldre og funksjonshemma, ynskjer ein å setta i gong eit prosjekt der ein opparbeidar ulike "møteplassar" med bord og benkar, og får asfaltert gangarealet på "sjøpromenaden" i Eikefjord. Det er ynskjeleg å få **planlagt detaljane** kring dette i ei stadanalyse. Ynskjer og å gjera ei fagleg vurdering kring korleis areal T1 (brakkareal) i kommunedelplanen best bør nyttast og at dette må samanfattast i ei **stadanalyse**.

*Bakgrunn for tiltaket:* Omlegging av riksveg 5 utanom Eikefjord sentrum medførte store endringar for bygda. Eikefjord Grendelag ville nytta høvet til å skape positiv og utviklande fase der ein fekk tilrettelagt ein del offentleg areal og uterom. Styrking av sentrumsstrukturane og auka trivsel i Eikefjord vil vera avgjerande for utviklinga i bygda og grendelaget ser behovet for å ha eit stabilt konkurransedyktig lokalt næringsliv som tek vare på dei mest naudsynte funksjonane.

*Grunngjeving for tiltaket:* Å lage eit prosjekt med fokus på **universell bruk** av allereie tilrettelagt infrastruktur vil gje samfunnsmessig god økonomi. Tiltaka er **forankra i** godkjend **kommunedelplan** og **detaljplanar**. Stadanalyse er viktig for å ei faglag vurdering i høve viktige infrastrukturtiltak og vere med å styrke det historiske arbeidet bygda arbeider med i dag.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Å styrkje sentrumsstrukturar for å auka trivsel for innbyggjarar og tilreisande og legge til rette for utvikling av eit konkurransedyktig næringsliv basert på kultur –og naturgrunnlaget.

*Framdriftsplan:*

Flora kommune og Eikefjord Grendelag vil gjennomføre tiltaket innan utgangen av 2009.

*Kostnadsoverslag:*

Utarbeiding av stadanalyse	80.000,-
Møteplassar 6 x 25.000,-	150.000,-
Asfaltering av promenade (300 m x 3 m x 120,-)	108.000,-
Vurdering av tiltak T1 (detaljteikning)	30.000,-
<u>Prosjektleiing</u>	<u>50.000,-</u>
Sum	418.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (47,8 % av totalkostnad) kr. 200.000,-

Eikefjord Grendelag (dugnad og kostnad) kr. 168.000,-

Flora kommune – prosjektleiing kr. 50.000,-

**Søknad sum: kr. 200.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen og tiltak som fell ut utafør støtteordninga er utarbeiding av utbyggingsplan/reguleringsplanar, kommunedelplanar og kommuneplanar.

Opprustingsprosjektet i Eikefjord er eit lite tiltak der ein m.a ønskjer å legge til rette for rørslehemma ved å asfaltere eksisterande strandpromenade og opparbeide nokre møteplassar. Dette er gode tiltak, men fylkesdirektøren meiner at tiltaket gjeld istandsetting eller heving av standard av eksisterande infrastruktur som i mindre grad dekker kriteria i tilskotsordninga.

**Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

3.12

SØKJAR: **BYGDELAGET HAVGLIMT**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* **Reksta**, ei øy utanføre Florø.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* **Stupebrett.**

*Bakgrunn og grunningjeving for tiltaket:* Ønskjer å gi ungdommen sin, vaksne og turistar eit trygt aktivitetstilbod i sommarmånadane, ein sikker og forskriftsmessig stupeplass frå sommaren 2009.

*Framdriftsplan:* Vil starte straks dei får løyve frå Kystverket.

*Kostnadsoverslag:*

Saksbehandlar: Mona Steinsland  
 Avdeling: Regionalavdelinga

Sak nr.: 09/105-37

Støyping betong 1,5 m3	2.000,-
Armeringsjern	2.000,-
Arbeid 40t a 300,-	12.000,-
Glasfiber brett	5.000,-
Badeleider aluminium	3.000,-
<u>Rekkverk</u>	<u>3.000,-</u>
Sum	27.500,-

*Finansieringsplan:*

Eigendel kr. 7.500,-

Lån kr. 20.000,-

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Kommunesentra vert prioritert.

Tiltaket er eit privat tiltak (Bygdelaget Havglimt) og ligg utanføre sentrumsområdet/tettstaden i Flora kommune.

**Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

3.13

**SØKJAR: GAULAR KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Sentrumsområdet i Vikja – Viksdalen. Området frå bru over Gaula til området ved ny butikk/bygdetun.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Butikken ligg sentralt i bygda, nær bygdetun og barnehage. Det er trong for ytterlegare tilrettelegging for å gjere sentrumsområdet betre tilrettelagt med funksjonelt og sikkert gangareal, parkeringsareal, busshaldeplass og samlingsplass. Konkret går tiltaket ut på **trafikksikker opparbeiding av "torg" –og busshaldeplassen m.m.** framfor Bygdatun og nærliggande område, samt **opparbeiding av fortau** frå Bygdatun/butikk til friområdet ved brua og **opparbeiding av friområde**. Utforming skal skje i samsvar med **universell tilrettelegging**. Eksisterande returpunkt for glas og hytteavfall må flyttast og nytt returpunkt er lokalisert til areal sett av til offentleg område i reguleringsplanen.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Planane legg til rette for framtidig vidareføring av gangareal i samsvar med gjeldane reguleringsplan med gangbru over Gaula ved Hellebustfossen.

*Bakgrunn for tiltaket:* I samarbeid med Statens Vegvesen – Nasjonale turistvegar er det utarbeida **sentrumsplan**, i samsvar med gjeldane **reguleringsplan**, for området mellom bru over Gaula til bygdatun. Vegstrekninga Dragsvik – Moskog (Gaularfjellet) er planlagt som ein del av rutenettet til Nasjonal Turistveg. Gaular kommune vurderar friområdet ved elva som attraktivt som stoppestad for turistar og som møteplass for lokalbefolkninga.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:*

- Sikre trafikktryggleiken for mjuke trafikkantar i Viksdalen sentrum.
- Utvikle Viksdalen sentrum til ein triveleg møteplass for bygdefolk og reisande i samband med etablering av nytt butikkbygg.
- Utvikle bygdesenteret som stoppestad for turistar og andre reisande.

*Framdriftsplan:*

Delar av arbeidet er gjennomført i samband med ferdigstilling av Viksdalen butikkbygg. Resterande arbeid er planlagt stegvis, med oppstart våren 2009.

*Kostnadsoverslag:*

Rigg og drift	77.000,-
Friområde og parkeringsareal ved Hellebustfossen:	
Grunnarbeid	180.050,-
Veg –og plassarbeid	218.610,-
Gartnararbeid	162.900,-
Anna	271.000,-
<u>Diverse (10% av totalkostnad)</u>	<u>83.256,-</u>
Sum friområde og parkeringsareal ved Hellebustfossen	915.816,-
Grunnarbeid, veg og plassarbeid:	
Fortau frå friområde til bensinpumper	573.320,-
Område rundt butikk, ballbinge, bygdetun	1.482.888,-
<u>Flytting returpunkt til Hellebustneset</u>	<u>139.425,-</u>
Sum	3.270.199,-

*Finansieringsplan:*

Eigenkapital opprusting framfor butikk	100.000,-
Asfaltering, delvis gjennomført og kosta av butikk	140.000,-
Kommunale driftsmidlar (starta opparbeiding returpunkt)	97.120,-
Dugnadsarbeid; grønt areal, bedehus med meir	300.000,-
Løyvd tilskot frå Nasjonale Turistveier	250.000,-
Løyvd tilskot frå Sunnfjord Miljøverk IKS	25.000,-
Tilskot fylkeskommunale midlar ( % av totalkostnad)	1.308.079,-
Søknader om andre midlar (Statens vegvesen, Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar, Gaularfondet, Lag og organisasjonar)	255.000,-
Nye midlar frå Gaular kommune (kommunal tiltakspakke)for år 2009	850.000,-
Sum	3.325.199,-

**Søknad sum: kr. 1.308.079,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte må vere geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioritert.

Tiltaket ligg utanføre sentrumsområde/tettstad og kommunesentra for Gaular kommune.

Tiltak og kostnadselement som fell utanfor støtteordninga er mellom anna opparbeiding av parkeringsplassar.

I tiltaket er det mykje fokus på trafikksikringstiltak, parkeringsplasser, fortau, gangareal og busshaldeplass. I samband med opparbeiding av "torg", kan hovudaktiviteten med biltrafikk og parkering dominera "torget".

I følge kriteria er det opparbeiding av uterom og grøntstruktur (torg, plassar, parkar, allmenningar m.m) for ålmenta som kan få støtte. Ein del av tiltaka i dette prosjektet som trafikksikring og opparbeiding av busshaldeplass gir normalt ikkje grunnlag for tilskot.

### Tilråding

Søknaden er i mindre grad i samsvar med kriteria for tilskot. På bakgrunn av prosjektet sitt innhald i høve kriteria og dei store prosjekta i større kommunesentra nemnd ovanfor, som bør bli prioritert føre, vil fylkesdirektøren tilrå at søknaden blir avslått.

3.14

### SØKJAR: FJALER KOMMUNE

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Dale.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* **Telemegafon Dale** er ein installasjon, eit kommunikasjonsmonument i grenseland mellom skulptur og telefonitene. Det er ein interaktiv **lydinntallasjon** som kven som helst kan delta i og der alle kan vera med å skape det som kjem ut og gjev difor rom for demokratisk kreativitet. Telemegafonen er ein høgtalar-skulptur ein kan ringe til med ein telefon, skulpturen svara automatisk og det vert tent ei lampe når og det ein seier kjem ut gjennom høgtalarane. Denne vil ein knyte til ulike **lyttestader** i bygda og ein sentral **lytteplass** ved Tusenårsstaden i Dale sentrum. Prosjekt del ein er å få kunstinstallasjonen Telemegafonen oppsett på fjellet, Bergkletten, over Dale og del to, knyta ein skulptur plassert ved Tusenårsstaden og ulike lyttestadar rundt i Dale. Det er søkt midlar frå KORO.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Prosjektet er forankra i samfunnsdelen i **kommuneplanen**. Under innsatsområdet "yrande næringsliv" er tiltaket "Legge til rette for ringverknader av internasjonal kunst og designinstitusjonar som NKD og Transplant". Under innsatsområde "Gode infrastruktur" er nytt tiltak "Dyrke kommunen sitt internasjonale særpreg" og "Arbeide for at lydsulpturen Telemegafonen vert installert på Bergkletten med lytteplassar rundt tettstaden Dale".

*Bakgrunn for tiltaket:* Fjaler har tradisjonar for å opne seg mot omverda og ta imot framande menneske og framande kulturar. Røde Kors Nordisk United World Collage, Nordisk Kunstnarsenter og europeisk utvekslingsprogram for ungdom gir Fjaler ein internasjonal dimensjon og etablerar eit unikt nettverk. Kunstnarane Erik Sandelin og Magnus Torsteinsson (kallar seg interaksjonsdesignarar) var med på idèarbeidet knytt til utviklinga av Tusenårsstaden i Dale.

### Framdriftsplan:

Telemegafonen skal vera i drift allereie sommaren 2009 og installasjonen ved Tusenårsstaden og lyttestader rundt i Dale skal ver ferdig i løpet av 2010.

### Kostnadsoverslag:

Telemegafonen på fjellet over Dale:

Material	105.000,-
Arbeidspengar	231.000,-
Reiser og transport	18.000,-
Lyttepunkt i Dale:	

Saksbehandlar: Mona Steinsland  
 Avdeling: Regionalavdelinga

Sak nr.: 09/105-37

Telemegafon – globus	180.000,-
Telemegafon – teleskop	40.000,-
5 lytteplasser	65.000,-
<u>Websatsing: Visualiseringskomponent</u>	<u>90.000,-</u>
Sum	729.000,-

*Finansieringsplan:*

Støtte frå kulturkontakt Nord kr. 67.000,- (innvilga)

Eigen del Fjaler kommune kr. 70.000,- (innvilga)

Tilskot fylkeskommunale midlar kr. 125.000,-

Søknadsum KORO kr. 467.000,-

**Søknad sum: kr. 125.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen til utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og struktur for ålmenta.

Tilskotsordninga støtter normalt ikkje prosjektering og konkretisering av kunstsulpturar – og/eller installasjonar.

**Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

3.15

**SØKJAR: LUSTER KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Skjolden sentrum.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Opprusting av Skjolden sentrum.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Prosjektet byggjer på vedteken **reguleringsplan** for Skjolden sentrum og på vedteken **detaljplan** for opprusting av Skjolden sentrum. Innhaldet i planen legg vekt på kulturverdiar, landskap og lokal historie og at desse harmonerar med kommande utfordringar som Skjolden har i samband med reiseliv – ein stad som reiselivsnæringa ynskjer å utvikle med veksande næring til Cruisetrafikken inn Sognefjorden. Tiltaket skal ha **universell utforming**.

*Bakgrunn for tiltaket:* I samband med at Skjolden er blitt eit satsingsområde for reiselivsnæringa, har medført auka forventingar og ei auka satsing.

*Grunngjeving for tiltaket:* Opprusting av Skjolden sentrum er viktig for å skape grunnleg for Skjolden som tettstad i Indre Sogn. Skjolden er senteret for indre del av Luster kommune med hotell, samfunnshus med badeanlegg, bibliotek m.m., ny skule og butikk. Opprustinga er naudsynt for vidare utvikling og stabilisering av sentrumet og i samband med stor satsing på vegsektoren med "Gullringen" og bygging av cruiseskipkai.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Er å skape eit godt og attraktivt bygdesentrum til det beste for innbyggjarane, næringsverksemdene, reiseliv og besøkjande.

*Framdriftsplan:*

Anleggstart 01.09.2007  
Ferdigstilling 15.05.2009  
Eventuell forlenging om ekstra finansiering/tilskot 01.09.2009

*Kostnadsoverslag:*

Delfelt 1:	anleggskostnader,	andrekostnader og	mva	3.093.939,-
Delfelt 2:	"	"	"	1.218.370,-
Delfelt 3:	"	"	"	1.498.295,-
Delfelt 5:	"	"	"	875.428,-
Delfelt 7:	"	"	"	425.786,-
<u>Delfelt 9:</u>	"	"	"	<u>709.225,-</u>
Sum				7.821.043,-

Delfelt/tiltak 4, 6, 8 og 10 er førebels utsett. Delfelt 7 er teke ut av gjennomføring som kompensasjon for meirkostnader.

Endeleg samanstilling av anleggskostnadane ligg pr dato ikkje føre.

*Revidert prosjektbudsjett:*

Anleggskostnader	6.900.000,-
Byggeleing og prosjektering	450.000,-
Mva	1.470.000,-
Grunnkjøp:	
Avtalar	150.000,-
Forvaltning og tingrettsskjønnskostnader	450.000,-
Erstatning etter skjønn	200.000,-
Overskjønnskostnader	300.000,-
<u>Margin</u>	<u>100.000,-</u>
Sum prosjekt	10.020.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilsegn tettstadmidlar 2007 kr. 650.000,-  
Låneopptak kr. 6.620.000,-  
Bruk av egne midlar/heimfallsfond kr. 2.000.000,-  
Budsjett 2009/låneopptak kr. 750.000,-

Delfelt/tiltak 7 er teke ut for å tilpasse kostnader tilgjengeleg finansiering.

**Søknad sum: kr. ?****Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Til tiltak som utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta. Tiltak og kostnadselement som fell utafør støtteordninga er mellom anna opparbeiding av parkeringsplassar.

Tiltaket i Skjolden er ei vidareutvikling av ein heilskapleg opprusting av sentrum og viktig for Skjolden. Tilskotsordninga støtter ikkje opparbeiding av parkeringsplassar. elles kan tilskotsordninga støtte tiltaket.

Oversikt over prosjekt/delfelt etter detaljplan for opprusting av Skjolden sentrum:



Delfelt 1: parkering, bussoppstilling, veg, sykkelparkering, pergola, torg og amfi, (amfi, pergola og belegg på gangareal og parkering går ut).  
Delfelt 2: busshaldeplass, gangareal (belegg gangareal går ut).  
Delfelt 3: parkering, busskur (går ut), busslomme og buskar, kisebærtre  
Delfelt 4: parkering og uteareal (går ut)  
Delfelt 5: parkering, gras, tre mellom veg, gangveg og parkering  
Delfelt 6: parkering, veg, sykkelparkering, inngangsparti, uteareal (heile tiltaket går ut)  
Delfelt 7: flytting av busslomme, busskur (nytt leskur går ut), (heile tiltaket går ut)  
Delfelt 8: gangveg langs riksveg, kisebærtre (heile tiltaket går ut)  
Delfelt 9: gangveg langs sjø og tre  
Delfelt 10: gangveg (heile tiltaket går ut).

### **Tilråding**

På bakgrunn av mange gode prosjekt i større kommunesentra som bør bli prioritert føre og avgrensa rammer i høve søknadsporteføljen vil fylkesdirektøren tilrå at søknaden blir avslått.

3.16

### **SØKJAR: LUSTER KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Prosjektet er avgrensa til Gaupne som er **kommunesenteret** i Luster.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* **Stadanalyse.**

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Arbeidet er forankra i kommuneplanen sin arealdel og planprogram for 2009 – 2012.

*Bakgrunn for tiltaket:* Bakgrunn for tiltaket er vedtak av Luster kommune sin arealdel til **kommuneplanen**. Det skal utarbeidast stadanalyse som grunnlag for oppgradering av Gaupne sentrum. Å finne gode løysingar for utbygging i sentrumskjernen og nærliggande område. Stadanalyse vil også vera godt grunnlag for gode løysingar for fortetting i sentrumsområdet og eit hjelpemiddel til å vurdere området Engjadalselvi/Gaupnegrandane sine eigenskapar som bustadområde.

*Grunngjeving for tiltaket:* Gaupne har hatt ei rask utvikling og ber preg av ein utflytande arealbruk. Det er viktig å utvikle eit attraktivt kommunesenter der kultur og natur vert brukt som innsatsfaktor for å styrkje lokal identitet og elles bulyst i heile kommunen, særleg hjå ungdommen.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* At stadanalysen skal trekkje opp rammer for ei langsiktig utvikling av Gaupne som eit attraktivt kommunesenter i Luster m.o.t. sentrumsfunksjonar, butilbud, trafikkmonster og tilgang til fjorden og gje grunnlag for fysisk oppgradering av sentrumskjernen. Analysen skal leggast til grunn for naudsynte reguleringsendringar før arbeidet med oppgradering av Gaupne sentrum vert sett i gong.

*Framdriftsplan:*

Tilbodsinnbyding:

Utlysning (når prosjektet er fullfinansiert) Juni 2009

Tilbodsfrist August 2009

Evaluering, forhandling og tildeling September 2009

**Stadanalyse:**

Utarbeiding plan September – februar  
 Handsaming i kommunestyret Mars 2010 (oppfyljande tiltak)  
 Reguleringsendringar Gaupne sentrum 2010  
 Detaljplanar – sentrumsopprustning 2010/1011  
 Oppstart oppgradering sentrum 2011

*Kostnadsoverslag:*

Stadanalyse – komplett arbeid	450.000,-
<u>Kommunalt arbeid og tenester</u>	<u>50.000,-</u>
Sum	500.000,-

*Finansieringsplan:*

Luster kommune:  
 Eige arbeid, kopiering, bilete m.m. kr. 50.000,-  
 Eigne midlar kr. 200.000,-  
 Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av totalkostnad) kr. 250.000,-

**Søknad sum: kr. 250.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Til tiltak som er geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tilskotsordninga kan gi støtte til utarbeiding av stadanalyse.

**Tilråding**

Søknadene er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 200.000,-** (40% av tilskotsgrunnlaget) i stønad til å utarbeide stadanalyse for Gaupne, kommunesenteret i Luster.

3.17

**SØKJAR: SOGNDAL KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Sentrumsparken i Sogndal sentrum.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Opparbeiding av sentrumsparken.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Tanken om eit samanhengande grønt drag frå Gravensteinsgata til det tidlegare sentrumsområdet rundt Fossetunet vart fyrst illustrert i "Strategiplan for Sogndal sentrum" i 1990 og formelt forankra i kommuneplan for Sogndal sentrum i 1994. **Reguleringsplan** for heile området, vedteken i 1998 og 2004.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Med å opparbeide sentrumsparken ønskjer vi å etablert og styrkja Sogndal som region –og handelssenter ved:

- Eit generelt triveleg sentrum som er i vekst og manglar sentralt rekreasjons –og opphaldsareal.
- Eit leike –og grøntareal for dei som bur i sentrum. Dette i samband med overordna planar og reguleringsplanar som opnar for å omdisponera forretnings –og kontorareal til

bustader over 1.etasje med krav til tilfredstillande grøntareal og uteareal på eigen grunn. Sentralt og lett tilgjengeleg parkareal med leikeplass i sentrum kan kompensera for dette.

- Ein sentral gangakse og grøn korridor mellom Gravensteinsgata og Fossetunet/kaien. Lettare, tydlegare og trivelegare gangsamband mellom dei to delane.

#### *Framdriftsplan:*

Arbeidet starta rundt årskiftet 2008.

Del 1 omfattar opparbeiding av parkområde med leikeområde, ferdig medio august 2008

Del 2 omfattar opparbeiding av kommuneplassen med fonteneanlegg m.v. vil starte opp medio mars og ferdigstillast til ferien 2009

#### *Kostnadsoverslag:*

Byggebudsjett eks. grunnerverv:

Sum entreprenørkostnader	11.542.125,-
<u>Sum margin/uforutsett</u>	<u>1.000.000,-</u>
Sum anleggskostnader	12.542.125,-

Prosjektering	1.300.000,-
Byggeleing	400.000,-
<u>Diverse</u>	<u>200.000,-</u>
Sum byggherrekostnader	1.900.000,-

Sum prosjektkostnader eks. mva	14.542.125,-
<u>Mva</u>	<u>3.300.000,-</u>
Sum prosjektkostnader inkl. mva	17.842.125,-

#### *Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar kr. 5.000.000,-

Tilskot frå næringslivet (INU) kr. 2.700.000,-

Eigenfinansiering kr. 10.142.125,-

**Søknad sum: kr. 1.569.865,-**

#### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og struktur for ålmenta.

Opparbeiding av sentrumsparken i Sogndal sentrum kan få støtte.

Opparbeiding av del ein; parkområde med leikeområde er ferdig og no gjenstår del to, opparbeiding av kommuneplassen med fonteneanlegg. Tidlegare var det tenkt parkeringskjeller under kommuneplassen, men denne er førebels teken ut, det gjeld også servicebygg med toalett.

Sentrumsparken har ei sentral plassering. Eit grønt uterom og grøn passasje er viktig i høve målet om å verta eit attraktivt og alternativt handels- og bumiljø på sørsida av Gravensteinsgata. Sentrumsparken og gangsambandet vil vere attraktivt i seg sjølv samt invitere til det historiske handels- og bumiljøet i Fjøra. Vidare utvikling av tettstadkvalitetar er også viktig for Sogndal som handels-, skule og regionsenterfunksjon. Sjølv om fylkeskommunen

ikkje har forplikta seg til å bidra med heile den omsøkte summen på 5 mill i 2006 fordelt over 3 år, meiner fylkesdirektøren at det er viktig å bidra med vesentlege midlar til dette prosjektet som er viktig både for kommunen og regionen. Fylkesdirektøren tilrår at Sogndal kommune får tildelt kr 1.220.000,-. Då har fylkeskommunen bidrege med i alt kr. 4.936.135,-.

### **Tilråding**

På grunn av tiltaket sitt omfang og Sogndal sin funksjon, tilrår fylkesdirektøren at søknaden vert støtta med ytterligere **kr. 1.142.000,-** til opparbeiding av sentrumsparken del to, kommuneplassen med fonteneanlegg.

3.18

### **SØKJAR: LEIKANGER KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Hermannsverk sentrum. Området mellom Skeiesvingen og Nokkaneset på og nært inntil RV 55 og den dagsaktuelle utbyggingsdelen ligg mellom riksvegen, Henjaelvi, og Fleirbrukshallen så langt denne strekkjer seg mot nord.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumspan:* Kommunen ser for seg at heile strekninga av riksvegen, mellom Skeiesvingen og Nokkaneset, får ei opprustning tilpassa miljøprioritert gjennomføring (MPG) samstundes som bruk av areal som ligg inntil, vert opprusta. Prosjektet er delt inn i fleire utbyggingsetappar. Første etappe er strekninga mellom Njøsaelvi og Henjaelvi. Denne etappen er delt opp i fleire utbyggingsprosjekt.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Tiltaket er forankra i vedteken **reguleringsplan** og viser elles til **tettstadanalyse** og sentrumsskisse (Eplekjekk) for Leikanger.

*Bakgrunn for tiltaket:*

Kommunen er inne i ein periode med styrking av sine sentrumsfunksjonar og i samband med dette får sentrumsnære areal endra bruksfunksjonar. Mellom anna skjer dette i tilknytning til bygging av fleirbrukshall.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Målet med fleirbrukshallen og utomhusarealet er at det skal stå fram som eit område der folk kan finne ein triveleg og naturleg møteplass.

*Framdriftsplan: ?*

*Kostnadsoverslag:*

Heile utbygginga av 1. etappe er kalkulert til ca kr. 20.900.000,-  
Inkluderar strandlina mellom elvane, riksvegen og alt areal mellom sjøen og nybygget.

Den dagsaktuelle utbyggingsdelen som ligg mellom riksvegen, Henjaelvi, og Fleirbrukshallen så langt denne strekkjer seg mot nord, er kalkulert til kr. 11.700.000,- og består av parkeringsplass kr. 4.800.000,- (er fullfinansiert) og uteplass/møteplass som er kalkulert til kr. 6.900.000,-

*Finansieringsplan:*

Til uteplassen har kommunen fram til no løyvd kr. 3.450.000,-  
Tilskot fylkeskommunale midlar (50% av totalkostnad) kr. 3.450.000,-  
Søknad sum: kr. 3.450.000,-

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte, er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tilskotsordninga kan støtte konkret opparbeiding av sentrums plass utanom parkeringsplass og køyreveg på Hermannsverk i Leikanger.

Kommunen har skipa ei tettstadgruppe som styrer det vidare arbeidet med sentrumsutvikling der stadanalyse og detaljplanlegging av torgplassen ligg til grunn for søknaden.

I samtale med leiar for tettstadgruppa kom det fram at søknaden gjeld "Sukkertøyet, nedre del" av sentrums plassen. I søknaden er plassen også omtalt som ute plassen mellom riksveg og parkering. I kostnadsoverslag er kostnad for "Sukkertøyet, nedre del" kr. 2.100.000,- og kommunen søkjer om tilskot frå fylkeskommunale midlar (50% av tilskotsgrunnlaget) med kr. 1.050.000,-

**Søknad sum: kr. 1.050.000,-**

### **Tilråding**

Søknaden er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 800.000,-** til opparbeiding av sentrums plassen, "Sukkertøyet nedre del".

3.19

### **SØKJAR: BALESTRAND KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Balestrand sentrum, i tilknytning til parken/småbåthamna i Balestrand sentrum.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Opprusting **gangvegar** i og i tilknytning til parken. .

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Forankra i samla **stadanalyse** og plan for tiltak i Balestrand sentrum.

*Bakgrunn for tiltaket:* Balestrand har dei siste åra sett fokus på sentrumsutvikling både for o skape godt grunnlag for reiselivsnæringa og for å skape triveleg møteplass for dei som bur her.

*Grunngjeving for tiltaket:* I Balestrand går riksvegen gjennom sentrum og ned til ferjekaia. Prosjektet legg til rette for god og trygg gangtilkomst til og i parken med **tilgjenge for alle**.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:*

- Få ei god og naturleg samanhengande gangveg til og frå parkområdet.
- Meir estetisk og funksjonelt – vedlikehaldsfritt belegg på gangareala i parken.

*Framdriftsplan:*

Prosjektstart 01.09.2009

Detaljvklaringar, innhenting av prisar 01.10.2009

Ferdigstilling 01.05.2010

*Kostnadsoverslag:*  
Kr. 700.000,-

*Finansieringsplan:*  
Tilskot fylkeskommunale midlar (40% av totalkostnad) kr. 280.000,-  
Kommunen set av midlar til restfinansiering slik at prosjektet er fullfinansiert.

**Søknad sum: kr. 280.000,-**

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for almenta.

Tiltaket er eit delprosjekt i eit større tettstadprosjekt i Balestrand sentrum basert på stadanalyse og landskapsplan for sentrum.

### **Tilråding**

Søknaden er i samsvar med kriteria for tilskot. Prosjektet vert prioritert fordi det gjeld kommunesenteret. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 200.000,-** til opparbeiding av gangveg i – og til parken i Balestrand sentrum.

3.20

### **SØKJAR: BALESTRAND KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Ved krysset til innkøyringa til Balestrand sentrum.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Oppgradere **innfallsporten** til Balestrand sentrum frå riksvegen, samt lage nytt parkmessig utsiktspunkt som etter krav vert innlemma i gangvegstrukturen i Balestrand sentrum.

*Bakgrunn for tiltaket:* Balestrand har dei siste åra sett fokus på sentrumsutvikling både for å skape godt grunnlag for reiselivsnæringa og for å skape ein triveleg møteplass for dei som bur her.

Viser til stadanalyse og plan for tiltak i Balestrand sentrum:

- Visjonen "Balestrand inspirerer deg" skal nyttast
- Historie og identitet skal byggast vidare på
- Eit hovudfokus er å leggja til rette slik at det skapar aktivitet

Balestrand har sin identitet og historie sterkt knytt til arkitektur og kunst i eit vakkert fjordlandskap.

*Grunngjeving for tiltaket:* Uforminga vil signalisere ein velkomst til alle som kjem og at kunst bør vera ein naturleg del av det fysiske miljøet. Gi uttrykk for kvalitet og gje eit uterom som samhandlar med menneska på staden.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:*

- Kunstelement skal vera ein naturleg del av det fysiske utemiljøet i Balestrand

- Signalisere innfallsporten til Balestrand sentrum på ein god og særprega måte
- Skape nytt utsiktspunkt, grøntområde som etter kvart vert innlemma i ein samanhengane gangvegstruktur i sentrumsområdet

*Framdriftsplan:*

Prosjektstart 15.09.2009

Detaljprosjektering og modellering 15.12.2009

Endeleg godkjenning 01.01.2010

Produksjon, opparbeiding 01.03.2011

*Kostnadsoverslag:*

Kr. 1.630.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (40% av totalkostnad) kr. 650.000,-

Balestrand kommune vil søkje Statens vegvesen ved turistvegprosjektet om tilskot. Kommunen har sett av midlar i budsjett til restfinansiering slik at prosjektet er fullfinansiert.

**Søknad sum: kr. 650.000,-****Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tilskotsordninga støtter normalt ikkje prosjektering og konkretisering av kunstsulpturar – og/eller installasjonar.

Tiltaket er eit delprosjekt i eit større tettstadprosjekt i Balestrand sentrum basert på stadanalyse og landskapsplan for sentrum.

Fylkeskommunen vil tilrå ovanfor KORO (statleg tilskotsordning for kunst i offentlege rom) at kunstprosjektet ved innkøringa til sentrum får støtte ettersom dette er kunstprosjekt integrert i plassen og i ein heilskapleg sentrumsplan for sentrum i Balestrand. Ettersom vegen inngår i det nasjonale turistvegprosjektet vil fylkeskommunen oppmode prosjektleiing i statens vegvesen til å delta i dette prosjektet.

**Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

3.21

**SØKJAR: BALESTRAND KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* I parken/småbåthamna i Balestrand sentrum.*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Fyrtårn for reisande er eit **skulpturprosjekt** av kunstnaren Geir Hjetland. Denne skal erstatte eksisterande skulptur i parken.

*Bakgrunn for tiltaket:* Balestrand har dei siste åra sett fokus på sentrumsutvikling både for o skape godt grunnlag for reiselivsnæringa og for å skape triveleg møteplass for dei som bur her. Visar til stadanalyse og plan for tiltak i Balestrand sentrum:

- Visjonen "Balestrand inspirerer deg" skal nyttast
- Historie og identitet skal byggast vidare på
- Eit hovudfokus er å leggja til rette slik at di skapar aktivitet

Balestrand har sin identitet og historie sterkt knytt til arkitektur og kunst i eit vakkert fjordlandskap.

*Grunngjeving for tiltaket:* Kunst bør vera ein naturleg del av det fysiske miljøet i Balestrand og vera eit uttrykk for kvalitet og gje uterom som samhandlar med menneske som er på staden. "Fyrtårn for reisande" har sin symbolikk ut i frå Balestrand si historie og identitet.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:*

- Kunstelement skal vera ein naturleg del av det fysiske utemiljøet i Balestrand
- Kunst og god estetisk utforming skal gje staden eit særpreg
- "Fyrtårn for reisande" skal vere eit symbol på identitet til staden
- Parkområdet skal få eit kunstelement som fyller dette sentrale rommet i sentrum

*Framdriftsplan:*

Prosjektstart 15.05.2009

Detaljprosjektering og modellering 15.09.2009

Endeleg godkjenning 01.10.2009

Produksjon 01.05.2010

Grunnarbeid/fundament 01.05.2010

Montering 01.06.2010

*Kostnadsoverslag:*

Kr. 855.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (40% av totalkostnad) kr. 340.000,-

Balestrand kommune vil søkje Statens vegvesen ved turistvegprosjektet om tilskot. Kommunen har sett av midlar i budsjett til restfinansiering slik at prosjektet er fullfinansiert.

**Søknad sum: kr. 340.000,-**

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tilskotsordninga støtter normalt ikkje prosjektering og konkretisering av kunstsulpturar – og/eller installasjonar.

Tiltaket er eit delprosjekt i eit større tettstadprosjekt i Balestrand sentrum basert på stadanalyse og landskapsplan for sentrum.



Fylkeskommunen vil tilrå ovanfor KORO (statleg tilskotsordning for kunst i offentlege rom) at kunstprosjektet i parken vert vurdert til å få støtte ettersom dette er kunstprosjekt integrert i plassen og i ein heilskapleg sentrumsplan for sentrum i Balestrand. Ettersom vegen inngår i det nasjonale turistvegprosjektet vil fylkeskommunen oppmode prosjektleiing i statens vegvesen til å delta i dette prosjektet.

### **Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

3.22

SØKJAR: **VIK KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Sjøfronten på Vikøyri, Vik i Sogn.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* "Vikøyri **Strandpark**".

- Kaipark og møteplass kiosken

Lagerbygningen å kaien skal rivast og kaiområdet rustast opp til eit tiltalende kaipark der vikjer kan møtast og reisande kan få eit positivt møte med Vik. Dagleg bruk av kaiparken: Er reisande som kjem/fer med ekspressbåt og lokalbåt, parkering for reisande og brukarar av kommunehuset. Henting/bringning av reisande. Opphald på kaiområdet ved sjøfronten. Stangfiske. "Bryggesleng". Møteplass.

- Strandpromenade/gangveg

Strandpromenaden vil binde saman dei to knutepunkta i sentrum, og eksisterande og nye friluftsområde/parkområde mellom Vikja og Hopra. Den vil og lette tilgang til båtar/fortøyningsplassar for rettshavarar på strekninga.

- Badeparken

Er planlagt opparbeidd med eit plenområde og busk/treplanting som skjerming mot aust, og med vestvendt strand med tilført sand av god kvalitet. Eksisterande massar er føresett delvis omfordelte. Eksisterande plastra kant mot vest vert brukt for å byggja ut "skjermingsmolo".

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Prosjektet er forankra i **stadanalyse** og **reguleringsplanen** "Sjøfronten på Vikøyri".

*Bakgrunn for tiltaket:* Vik kommune starta i 2006 eit omfattande prosjekt for tettstadfornyning og utvikling rundt kulturminne i Vik. Frå 2007 og ut 2010 er prosjektet pilotprosjekt i KRD sitt program for "Småsamfunnsatsing". Eit viktig delprosjekt er "Sjøfronten på Vikøyri". Vikøyri Strandpark inngår som eit av tre tiltaksområde langs sjøfronten.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Utvikla strandsona på Vikøyri til eit attraktivt offentleg rom for fastbuande og gjestar. I området langs sjøfronten er det i framlegg til reguleringsplan lagt til rette for ei rekkje tiltak for å utvikla området:

- Gjestehamn
- Utbygging av motormuseet til eit større senter med tenester og tilbod retta mot reiseliv på sjø og på land
- Felles trafikkområde med m.a. parkering og oppstilling for turbuss
- Friområde med badestrand

- Strandpromenade/gangveg langs sjøsida av RV 13
- Opprusting av området rundt kommunehuset, med parkområde mot fjorden

*Framdriftsplan:*

Arbeidet er føresett utført stegvis, med ferdigstilling innan 2011.

Første steg er tenkt riving av kailager og oppstart på kaiparken, i tillegg til detaljprosjektering av øvrige tiltak.

Opparbeiding av strandpromenade og badepark er forutsett gjort over to år, for å unngå setningar i grunnen.

*Kostnadsoverslag:*

Generalkostnader. Planlegging/adm./byggeleing	480.000,-
Kaipark (Kostnad for opparbeiding av parkeringsplass er ikkje medrekna her)	1.270.000,-
Strandpromenade	1.532.000,-
Badeparken	390.000,-
<u>Prisstigning i byggetid/prosjektperioden. Ca 2%/år</u> RS	<u>100.000,-</u>
Sum	3.770.000,-

*Finansieringsplan:*

Part kr. 1.000.000,-

Vik kommune kr. 1.670.000,-

KRD kr. 150.000,-

Tilskot fylkeskommunale midlar (% av totalkostnad) kr 1.800.000,-

Andre kr. 150.000,-

Søknad sum: kr. 1.800.000,- fordelt på 3 år.

**Søknad sum for 2009: kr. 600.000,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tilskotsordninga kan gi støtte til prosjektet "Vikøyri Strandpark".

Fylkesdirektøren viser til at prosjektet inngår i eit større tettstadfornyingsprosjekt. Tiltaka vil opne for almen tilgang til sjøfronten og fjorden.

**Tilråding**

Søknaden er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 500.000,-** i stønad til opparbeiding av del av kaiparken i "Vikøyri Strandpark".

3.23

SØKJAR: **JOHAN ROLLAND**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Vår eigedom i Vadheim sentrum.

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Utsifting av vindauga på aust, nord og vest sida av huset, og å måle hus og verkstad.

*Bakgrunn for tiltaket:* Gjere det triveleg og slik at folk får eit godt inntrykk av Vadheim.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Det er også planer om å leige ut kjeller/butikklokale til sal av kaffi og kaker m.m. og nokre bord og stolar, til eit samlingspunkt for folk i bygda.

*Framdriftsplan:*

Oppussing, skifte vindauga og måle huset før vinteren setter inn.

*Kostnadsoverslag:*

Kr. 48.242,-

**Søknad sum: kr. ?**

### **Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tilskotsordninga støtter ikkje oppussing av privat eigendom.

### **Tilråding**

Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

3.24

**SØKJAR: GULEN KOMMUNE**

Frå søknaden:

*Lokalisering av stad:* Eivindvik. Næringsområde med butikk, ekspedisjonskai og hotellet (Eivindvik Fjordhotell).

*Presentasjon av tiltaket – stadanalyse/sentrumsplan:* Opprusting og utvikling av Eivindvik sentrum. I samband med dette ønskjer hotellet å prioritere oppgradering av **sjøfronten** og gjere denne **tilgjengeleg for ålmenta**. Eksisterande naust, sjøhus og oljetank skal fjernast for å gje plass til ein harmonisk og estetisk sjøfront med terrassar og gode hamnetilhøve. Tanken er at det skal vere eit promenadeområde som naturleg heng saman med ekspedisjonskaia/butikken, gjestehamn og fyllingsanlegget for båt diesel. Sjøfronten vert utstyrt med lys og benkar og egna til ein møtestad for turgåarar. Det vil verta lagt ein steinmur mot sjøen med trapp som kan brukast som benkar. Denne går frå terrassenivået og ned i sjøen. Dekket i terrassen vert laga i stein frå lokale leverandørar. Dette vil harmonere godt med ny hotellfasade på grunnplanet i hotellet der blendingsmur i gråstein skal kombinerast med glas og tre.

To eksisterande flytebrygger skal oppgraderast med nye betongutliggarar. Skal ha lys, straum og vatn som tilbod for reisande. Hotelleigar vurderar å bruke "tuftene" etter naustet til eit saltvassbasseng som om sommaren kan vere ein fin badeplass og om haust/vinter, når det er tomt for vatn, kan kursgrupper eller slutta lag bruke plassen til samlingar.

*Forankra i vedteken kommuneplan/reguleringsplan:* Forankra i **tettstadanalyse** og i kommunedelplan for Eivindvik er omsøkte tiltak del av området avsett til næringsverksemd.

*Bakgrunn og grunngjeving for tiltaket:*

Gulen kommune har ønske om å utvikle tettstadane i kommunen og det er naturleg å starte med **kommunesenteret** Eivindvik. Gulen kommune fekk fylkeskommunale midlar i 2007 tilskot for å utarbeide tettstadanalyse for Eivindvik.

*Målsetjing med gjennomføring av tiltaket:* Tiltaket som vert omsøkt er starten på eit større prosjekt om oppgradering av Eivindvik sentrum. Opprusting av den delen av sentrum som tilhøyrer næringsområdet. Kommunen med initiativ frå eigarane av Eivindvik Fjordhotell vil arbeide med å lage ny sjøfront med promenadar, terrassar og oppgradering av kai/brygger. Dette vil ha mykje å sei for kvalitetane som møter reisande som kjem sjøvegen og gje folk i Eivindvik ein flott plass å legge spaserturen for å treffe andre. I dag er kaikapasiteten liten og kvaliteten ikkje god nok. Næringsområdet er kommunikasjonssenter og handelssentrum for Eivindvik og omeign. I dag er dette lite publikumsvennleg og kan virke som ei brems for vidare utvikling av Eivindvik sentrum. Det er naturleg at dette området vert gjort meir attraktivt for besøkande og kundar, og dermed for andre som ønskjer å etablere og drive næringsverksemd. At Eivindvik har fellesområde av god kvalitet som gjer at ein kan vera stolt av å visa fram bygda, er viktig.

*Framdriftsplan:*

Tiltaket vert sett i verk så snart det føreligg fullfinansiering. Tiltaket bør vera påbyrja vår/sommar 2009 og avslutta i utgongen av 2009.

*Kostnadsoverslag:*

Sjøfront – prosjektet kr. 3.502.000,-

*Finansieringsplan:*

Tilskot fylkeskommunale midlar (40% av totalkostnad) kr. 1.400.800,-  
Eigendel kr. 2.101.200,-

**Søknad sum: kr. 1.400.800,-**

**Vurdering:**

Tettstadmidlane skal primært nyttast i kommunesentra, men det er opna for at kommunen også kan prioritere andre sentrumsområde i kommunen. Tiltak som kan få støtte skal vera geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader. Kommunesentra vert prioriterte. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadanalyse og tiltak som er forankra i stadanalyse, til opparbeiding av uterom og strukturar for ålmenta.

Tiltaket kan få støtte til tiltak for opparbeiding av sjøfront, promenade, flytebrygge m.m.

Fylkesdirektøren legg til grunn at det vert opparbeida ein differensiert sjøfront/kaikant, slik at "kai" også kan nyttast til bading for små og store, samt at det er tilpassa og kan koma i land med små, mellomstore og store båtar. Dette er og viktig i samband med at området vert universelt utforma med tilgjenge for alle.

Dette er eit viktig tiltak i kommunesenteret.

**Tilråding**

Søknadene er i samsvar med kriteria for tilskot. Fylkesdirektøren tilrår at det vert tildelt **kr. 1.000.000,-** i stønad til opparbeiding av sjøfront i Eivindvik sentrum.

**4. SAMLA OVERSIKT OVER SØKNADER MED POSITIV TILRÅDING 2009 (kr)**

Kommune	type prosjekt	kostnad	søknadssum	tilrådd
---------	---------------	---------	------------	---------

Saksbehandlar: Mona Steinsland  
 Avdeling: Regionalavdelinga

Sak nr.: 09/105-37

Stryn	opparbeiding	609.000,-	304.500,-	200.000,-
Horningdal	stadanalyse	200.00,-	100.000,-	80.000,-
Bremanger	opparbeiding	1.700.000,-	478.000,-	478.000,-
Førde	opparbeiding	1.350.000,-	540.000,-	500.000,-
Luster	stadanalyse	500.000,-	250.000,-	200.000,-
Sogndal	opparbeiding	17.842.125,-	1.569.865,-	1.142.000,-
Leikanger	opparbeiding	2.100.000,-	1.050.000,-	800.000,-
Balestrand	opparbeiding	700.300,-	280.000,-	200.000,-
Vik	opparbeiding	3.770.000,-	1.800.000,- (på 3år)	500.000,-
Gulen	oppgradering	3.502.000,-	1.400.800,-	1.000.000,-
<b>Sum</b>				<b>5.100.000,-</b>

## 5. OPPSUMMERING

Fylkesdirektøren viser til vurderingane av dei tilrådde søknadane. I samsvar med kriteria for tilskotsordninga vil søknader om stadanalysar som første steg eller som ein integreert del av planarbeidet for opprusting av tettstaden vere høgt prioritert.

Sjølv om nokre av søknadane om opparbeiding med negativ tilråding tilfredsstillar kriteria for å få tilskot, meiner fylkesdirektøren at dei store prosjekta i kommunesentra i Sogndal, Førde, Leikanger, Balestrand og Vik bør bli prioriterte i år. Fylkesdirektøren tilrår likevel å gå litt ned på tilskotsprosenten for å ta med nokre fleire prosjekt i andre kommunar.

## 6. SAMLA OVERSIKT OVER TILDELING FRÅ OG MED 1995 TIL OG MED 2008 SØKAR DATO PROSJEKT - STAD OG TILTAK TILDELT

SØKAR	DATO	PROSJEKT -STAD OG TILTAK	TILDELT
Askvoll kommune	24.08.1995	Tettstadutvikling Askvoll	220 000
Askvoll kommune	15.10.1998	Askvoll sentrum	348 000
Askvoll kommune	02.09.1999	Sentrumstiltak i Holmedal	296 500
Balestrand kommune	02.12.1999	Infrastrukturiltak i Balestrand sentrum	920 000
Balestrand kommune	12.12.2001	Balestrand sentrum	150 000
Balestrand kommune	04.01.2007	Opparbeiding	150000
Balestrand kommune	05.01.2007	Stadanalyse	200000
Bremanger kommune	10.01.2007	Stadanalyse	132000
Bremanger kommune	17.06.2008	Opparbeiding av sjøfronten i Svelgen sentrum	663000
Eid kommune	28.11.1995	Tettstadutvikling Eid	600 000
Eid kommune	04.06.2003	Almennigne, gateløp og fortau. Infrastruktur	185 000
Eid kommune	09.12.2003	Parsell 2 i Eidsgata. Infrastruktur	361 779
Eid kommune	23.06.2005	Opprusting av Eidsgata, parsell 1	848 000
Eid kommune	02.01.2006	Eidsgata, opprusting	1 050 000
Eid kommune	17.06.2008	Opprustning av Eidsgata	1 000 000
Fjaler kommune	24.08.1995	Tettstadutvikling Dale	180 000
Fjaler kommune	25.06.1997	Opprusting Dale sentrum	380 000
Fjaler kommune	17.04.2000	Tettstadutvikling i Dale, 3. Etappe	250 000
Fjaler kommune	29.11.2005	Tusenårsstad/park i Dale sentrum	200 000
Fjaler kommune	13.01.2006	Dale sentrum, park/tusenårsstad	100 000
Flora kommune	19.12.1997	Hamnegata	566 000
Flora kommune	17.04.2000	Tettstadutvikling Krokane, fase 1	825 000
Flora kommune	29.11.2002	Strandgata og torget	1 466 779
Flora kommune	15.04.2003	Strandgata og torget. Infrastruktur	1 233 221
Førde kommune	15.10.1998	Hafstadvegen- Sentrum Sør-Aust	360 000

Saksbehandlar: Mona Steinsland  
 Avdeling: Regionalavdelinga

Sak nr.: 09/105-37

Førde kommune	17.04.2000	Byutvikling Førde	250 000
Førde kommune	26.06.2000	Sentrum sør vest - trinn II, Førde	950 000
Førde kommune	21.12.2000	Tettstadutvikling Sentrum Sør Vest Trinn II	919 000
Førde kommune	10.07.2003	Byutvikling Førde. Infrastruktur	140 000
Førde kommune	22.08.2005	Gangveg/fiskesti i Førde sentrum	1 600 000
Gaular kommune	01.01.2006	Sande sentrum, opparbeiding	582 000
Gaular kommune	17.06.2008	Stadanalyse for Sande	60 000
Gloppen kommune	01.09.1999	Opprusting av Byrkjelo sentrum	567 700
Gloppen kommune	22.08.2000	Opprusting av Sandane sentrum	1 600 000
Gulen kommune	06.01.2006	Evindvik sentrum, stadanalyse	64 000
Gulen kommune	11.01.2007	Stadanalyse	36000
Hornindal kommune	15.10.1998	Opprusting av sentrumsområde Grodås	383 000
Hornindal kommune	15.10.1998	Opprusting område mot Hornindalsvatnet	416 000
Hornindal kommune	25.06.2002	Grodås sentrum - gangveggar	413 000
Hyllestad kommune	09.11.2000	Tettstadutvikling Hyllestad sentrum	800 000
Hyllestad kommune	25.06.2002	Stadutvikling Leirvik	126 000
Hyllestad kommune	10.07.2003	Stadutvikling Leirvik. Infrastruktur	350 000
Høyanger kommune	24.08.1995	Tettstad Vadheim	352 000
Høyanger kommune	17.11.1999	Opprusting av Høyanger sentrum	1 670 000
Høyanger kommune	12.12.2001	Høyanger sentrum	375 000
Jølster kommune	25.06.1997	Sentrumsutvikling Skei	617 000
Jølster kommune	15.10.1998	Opprusting av Skei sentrum	290 000
Jølster kommune	01.09.1999	Opprusting av Skei sentrum	684 200
Jølster kommune	07.01.2007	Stadanalyse	215000
Leikanger kommune	24.08.1995	Tettstad Hermansverk	146 000
Leikanger kommune	12.01.2007	Opparbeiding	50000
Leikanger kommune	17.06.2008	Stadanalyse/skisseprosjekt/detaljprosjekt for Leikanger sentrum	188 000
Luster kommune	15.10.1998	Opprusting av Solvorn sentrum	871 000
Luster kommune	09.07.2003	Gaupne sentrum. Infrastruktur	1 200 000
Luster kommune	03.01.2007	Opparbeiding	600000
Lærdal kommune	10.02.1999	Tettstadutvikling Lærdalsøyri	2 700 000
Lærdal kommune	29.11.2005	Prosjekt Gamle Lærdalsøyri	200000
Lærdal kommune	06.01.2007	Stadanalyse	40000
Naustdal kommune	11.12.1995	Tettstad Naustdal	450 000
Naustdal kommune	19.12.1997	Sentrumsutvikling Naustdal	424 000
Naustdal kommune	16.10.2002	Opprusting av sentrumsgata	196 200
Naustdal kommune	13.01.2007	Stadanalyse	175000
Naustdal kommune	17.06.2008	Stadanalyse for sentrum	200 000
Selje kommune	31.12.1996	Kai og sentrumsområde Nabben	360 000
Selje kommune	09.07.2003	Selje sentrum (Nabben). Infrastuktur	1 850 000
Selje kommune	12.01.2006	Nabbetangen, opparbeiding	180 065
Selje - Stadlandet bedriftsforening	09.01.2007	Opparbeiding	400000
Sogndal kommune	02.12.1996	Utvikling av kaiområdet i Fjæra	430 000
Sogndal kommune	25.06.1997	Skule- og idrettsområde på Fosshaugane	1 749 000
Sogndal kommune	19.12.1997	Sentrumsutvikling Sogndalscenteret	780 000
Sogndal kommune	15.10.1998	Opprusting av Almellingen	398 000
Sogndal kommune	10.07.2003	Turveg Kaupanger - Sogndal. Infrastruktur	250 000
Sogndal kommune	04.01.2006	Sogndal sentrum, sentrumspark	1 023 935
Sogndal kommune	02.01.2007	Opparbeiding	800000

Saksbehandlar: Mona Steinsland  
Avdeling: Regionalavdelinga

Sak nr.: 09/105-37

---

Sogndal kommune	17.06.2008	Opparbeiding sentrumspark	1 375 000
Solund kommune	17.04.2000	Tettstadutvikling Hardbakke	310 000
Solund kommune	22.08.2005	Stadanalyse for Hardbakke	60 000
Vågsøy kommune	19.12.1997	Sentrumsplan for Måløy	100 000
Vågsøy kommune	26.11.2002	Opprusting av Måløy torg - Vågsøy kommune	2 798 800
Vågsøy kommune	08.01.2007	Opparbeiding	202000
Årdal kommune	27.06.2000	Sentrumsplan for Årdalstangen	4 500 000
Årdal kommune	23.06.2005	Gjennomføring av sentrumsplan, Øvre Årdal	492 000
Årdal kommune	17.06.2008	Stadanalyser for Årdalstangen og Øvre Årdal	214 000
<b>SUM</b>			51 858 179